

Sakshandsamar: Grete Haugan
Telefon: 57 64 31 48
E-post grete.haugan@fylkesmannen.no

Vår dato
21.04.2015

Vår referanse
2015/1409
Rapportnummer
2015.052.I.FMSF

Florø Brannvesen
6900 Florø

Tilsyn ved brannøvingsfelt ved Florø lufthamn - krav om retting av avvik – vedtak om gebyr.

Rapporten omhandlar funn som kontrollørane kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbedringspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr.

Tilstades under kontrollen Frå verksemda: Eivind Ask	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Dagny K. U. Alvik Grete Haugan
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input checked="" type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input checked="" type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input checked="" type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad <input type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input checked="" type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna:

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist 3 avvik frå ureiningsregelverket. Melding om retting av avvik må vere sendt til Fylkesmannen innan 18.05.2015.

Fylkesmannen ser alvorleg på avvik 2. Vi vurderer å følgje opp funnet med ny kontroll.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteken. Varsla kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten. Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang på ein travel dag for verksemda.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
ass.fylkesmiljøvernssjef

Grete Haugan
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift

Kopi av rapporten vert sendt til: Avinor, Florø Lufthamn

1. Informasjon om verksemda:

Stad (namn på anlegg): Brannøvingsfelt ved Florø Lufthamn	Verksemd nr.: 935473578
Ansvarleg verksemd: Flora kommune v/ Florø Brannvesen	
Kontaktperson: Eivind Ask	Anleggsnr. og anleggsaktivitet: 1401.0114.02 Brannøvingsplass
Stad og kommune: Florø	Kontrolldato: 16.04.2015
Postadresse: Markegata 51, 6900 Florø	Løyvedato og internt nr.: 07.07.2005 2005.0254.T

2. Om kontroll frå ureiningstilsynet

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av leiing/sentralt plasserte person i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis.

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over miljøloverket på www.lovdata.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **18.05.15** eller dato/ar for planar for gjennomføring. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto. Dersom de meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka *før* fristen for attendemelding.

4. Gebyr for kontroll med verksemd med utsleppsløyve

Vi viser til varsel og omtale under kontrollen. Brannøvingsfeltet har utsleppsløyve, men er ikkje blitt plassert i risikoklasse i samband med løyveprosessen. Det vil difor for denne kontrollen bli kravd gebyr etter risikoklasse 4.

Det vil seie at verksemda etter gjeldande sats i § 39-6 i ureiningsforskrifta skal betale eit gebyr på kr. 4700,- til staten for den gjennomførte kontrollen. Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

Sjå elles kommentarar vedrørande risikoklasse under punktet «Andre forhold».

5. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

6. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 Verksemda har mangelfull internkontroll

Avvik frå: *Internkontrollforskrifta 2. ledd § 5*

Kommentarar:

Florø Brannvesen har internkontroll som omfattar arbeidsmiljø og sikkerheit, men ytre miljø og oppfølging av krav i utsleppsløyvet for brannøvingsfeltet er ikkje omfatta av dagens ik-system.

Internkontrollen omfattar berre Florø Brannvesen sin aktivitet på brannøvingsfeltet. Utsleppsløyvet frå Fylkesmannen gjeld all aktivitet på brannøvingsfeltet, også den aktiviteten Avinor har. Ein internkontroll med fokus på ytre miljø må difor omfatte all aktivitet på feltet.

Oversikt over gjeldande regelverk

De må syte for at gjeldande lover, forskrifter og utsleppsløyve som gjeld for dykkar verksemd er tilgjengelege, og ha oversikt over dei krav som er særleg viktige med omsyn til ytre miljø.

Oversikt over organisasjon og ansvar

De må ha ein oversikt over organisasjonen knytt til drift av brannøvingsplassen. Det er viktig å få med korleis ansvar, oppgåver og myndigheit for arbeidet med helse, miljø og sikkerheit og oppfølging av krav i utsleppsløyvet er fordelt.

Miljøriskovurdering

Det er ikkje gjort ei kartlegging og miljøriskovurdering av aktivitetar ved brannøvingsfeltet. Florø Brannvesen må, i samarbeid med Avinor, gjere ei vurdering av korleis all aktivitet på feltet kan påverke det ytre miljø, og dette må dokumenterast skrifteleg.

Punkt som er viktig i ei slik risikovurdering er dei krava som er gitt i utsleppsløyvet, avfallshandtering og lagring av farleg avfall, handtering og bruk av kjemikaliar. Utslepp til vatn og luft er område som må ha eit særleg fokus.

Som oppfølging av risikovurderinga må det lagast ein handlingsplan med risikoreduserande tiltak. Dette kan vere både behov for fysiske tiltak, utarbeiding av rutinar for ulike aktivitetar og klargjering av forhold mellom brukarane. Det er viktig at ein set opp kven som er ansvarleg for tiltaka, og når det skal vere gjennomført.

Avvikshandtering

De må ha eit system for avvikshandtering av forhold knytt til ytre miljø som omfattar både Florø Brannvesen og Avinor sin aktivitet på brannøvingsfeltet.

Revisjon av internkontroll

Når de har fått på plass ein internkontroll for brannøvingsplassen, er det viktig at de også med jamne mellomrom gjennomfører ein revisjon av internkontrollen for å sikre at den fungerer som føreset.

Avvik 2 Verksemda føl ikkje opp krav i utsleppsløyvet

Avvik frå: *Utsleppsløyve datert 07.07.2005 med endring datert 05.12.2005*

Kommentarar:

07.07.2005 fekk Flora Brannvesen utsleppsløyve frå Fylkesmannen for nytt brannøvingsfelt ved Florø lufthamn. Etter klage vart det gjort ei mindre endring i løyvet 05.12.2005 (grense for konsentrasjon av olje i avløpsvatnet vart endra frå 20 mg/l til 50 mg/l).

Løyvet er gitt til Florø Brannvesen som ansvarleg for drifta. Løyvet omfattar all aktivitet ved brannøvingsfeltet, både den som skjer i regi av Florø Brannvesen og i regi av Avinor. I søknaden om løyve frå Florø Brannvesen i februar 2005 vart det oppgitt at både Avinor og Florø Brannvesen skulle disponere øvingsfelt på området. Florø Brannvesen og Avinor skulle dele ansvaret for drift og vedlikehald av anlegga. Det vart oppgitt at det er Florø Brannvesen som er ansvarleg for den daglege drifta.

Løyvet synes å vere lite kjent i organisasjonen, og det er ikkje utarbeidd rutinar og prosedyrar for å sikre at vilkår og krav i løyvet vert følgt opp. Det er heller ikkje kontakt og samarbeid mellom Florø Brannvesen og Avinor som sikrar at løyvet er kjent for alle brukarane av brannøvingsfeltet. Som ansvarleg innehavar av løyvet må Florø Brannvesen ha ein tett dialog med Avinor for å sikre at også deira brannøvingsaktivitet vert gjennomført i samsvar med krava i utsleppsløyvet. Avinor på si side må rette seg etter dei krav og grenseverdiar som er sett i løyvet, og data for øvingsaktiviteten må sendast til Florø Brannvesen for journalføring og vidare samla rapportering til Fylkesmannen.

Det er knytt ei rekkje vilkår til utsleppsløyvet, og mange av dei vert ikkje følgt opp. Nokre eksempel er:

- Det er ikkje skriftleg prosedyre for bruk og vedlikehald av øvingsområdet.
- Det er sett grenser for typar og mengder brennstoff som kan nyttast, men det kan ikkje dokumenterast at dette vert overhalde.
- Utslepp av støv/partiklar skal ikkje overstige $PM_{10} = 50 \mu\text{g}/\text{m}^3$ (middel over 24 timar) for svevestøv ved nærast nabo, eller anna nabo som ev. blir meir utsett.
- Det er sett grenser for tidsrom for øvingar, men det kan ikkje dokumenterast at desse vert halde.
- Det skal førast driftsjournal over: Tal øvingar og øvingstype, bruk av ulike typar brennstoff og sløkkemiddel, vær- og vindtilhøve og eventuelle naboklager
- For kvart driftsår skal verksemda rapportere til Fylkesmannen bruk av brennstoff (mengde og type), tal øvingsdøgn og resultat av avløpsprøvene.

Vi viser og til avvik 1 om internkontroll for brannøvingsaktiviteten.

Avvik 3 Rutinar for handtering av kjemikaliar og farleg avfall må forbetrast

Avvik frå: *Utsleppsløyve datert 07.07.2005 med endring datert 05.12.2005*
Avfallsforskrifta kap 11

Kommentarar:

Det er ikkje laga skriftlege rutinar for å unngå utslepp til sjø ved bruk av kjemikaliar, og det er heller ikkje rutinar som sikrar forsvarleg handtering og levering av alt farleg avfall. Det må vere

tydeleg kva typar avfall som skal handterast og leverast som farleg avfall, og det må vere klart kven som har ansvar for levering og deklarerering av det farlege avfallet frå brannøvingsfeltet. Gjenpart av deklarasjonsskjema skal vere tilgjengeleg hos Florø Brannvesen.

Ved bruk av brannslökkingsapparat vert pulver samla opp i botn av container og levert til SAR. Dersom dette skal kunne leverast som ordinært avfall, må det dokumenterast at det ikkje er farleg avfall. Under tilsynet vart det observert «film» på sjøen utafor brannøvingsfeltet, og det var mistanke om at dette kunne vere pulverrestar frå spyling på brannøvingsfeltet.

7. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under kontrollen.

8. Andre tilhøve

Risikoklasse

Risikoklasse er ei grov inndeling av ureiningspotensialet til ei verksemd. Risikoklassen vert fastsett ved behandling av utsleppssøknaden, eller i særskilt vedtak seinare. Florø Brannvesen sitt brannøvingsfelt har eit utsleppsløyve frå 2005. Løyvet er så gammalt at det ikkje vart gjort ei vurdering av risikoklasse for verksemda i samband med løyveprosessen. Dette må gjerast no. Det vil vere naturleg å gjere denne vurderinga etter at de har fått ei oversikt over den samla aktiviteten ved brannøvingsfeltet, og i samband med vurdering av om det er behov for endring av løyve.

Bruk av bensin/dieselblanding frå bensinstasjonar

Florø Brannvesen nyttar bensin/dieselblanding ved brannøvingar. Dette vert henta frå 3-4 bensinstasjonar, og kjem frå feilfyllingar der bensin har vore fylt på dieselbil eller motsett. Brannvesenet får dette gratis frå bensinstasjonane, og meiner dette er fornuftig bruk i staden for at dette skal leverast som farleg avfall. For brannvesenet er alternativet å kjøpe bensin og diesel og blande sjølv.

Vi har vore i kontakt med Miljødirektoratet for å få ei avklaring på om dette er lovleg bruk. Tilbakemeldinga frå Miljødirektoratet er at bensin/dieselblandinga her er å sjå på som eit produkt som brannvesenet har løyve til å bruke, og de kan difor ta imot dette frå bilverkstader utan at regelverket for farleg avfall vert gjeldande. Det vert presisert at dette berre gjeld dersom brannvesenet er mottakar.

Planar om bruk av kassert CCA-trevirke

Florø Brannvesen hadde fått inn noko brukt, impregnert trevirke på brannøvingsplassen. Dette var truleg så gammalt at det var impregnert med kopar, krom og arsen (CCA-impregnert). Det var eit ønskje om å kunne nytte dette til ein platting ved brannøvingsplassen. CCA-impregnert trevirke er farleg avfall, og gjenbruk av slikt impregnert trevirke er forbode. Dette må difor leverast til godkjent mottak for farleg avfall.